


Kvartalsrapport pr.
31.03.2026

Luster Sparebank 



Luster Sparebank

Innholdsfortegnelse

Melding frå styret	3
Resultat	3
Balansen	3
Misleghald, tapsnedskringingar og tap	4
Kapitaldekning	4
Utsiktene for resten av året	4
Rekneskap	6
Resultatrekneskap	6
Balanse	7
Resultatanalyse	8
Nøkkeltal	8
Eigenkapital	9
Noter	10
Note 1 Rekneskapsprinsipp	10
Note 2 Utlån til kundar	10
Note 3 Verdipapir	13
Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	15
Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden	15
Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav	17

Melding frå styret

Resultat

Luster Sparebank legg fram eit resultat for første kvartal 2026 kvartal på kr 14,2 mill. Tilsvarende resultat på same tidspunkt i fjor var kr 15,4 mill. Banken har pr. 31.03.2026 oppnådd ein rentenetto på kr 28,6 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 2,26 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr 29,5 mill., tilsvarende 2,46 % av gfk.

Rentenetto er redusert samanlikna med fjoråret. Det er fleire årsaker til dette. Konkursen om utlånskundane er høg og dette påverkar rentenettoen. Norges Bank reduserte styringsrenta med 0,25 % to ganger i 2025. Til saman vart styringsrenta redusert med 0,5 %. Luster Sparebank har høg innskotsdekning og høg eigenkapital. Denne samansetnaden av balansen gjer at rentenettoen går ned når styringsrenta går ned.

Netto andre driftsinntekter er på kr 7,3 mill. pr. 31.03.2026, ein reduksjon på kr -0,7 mill. samanlikna med 31.03.2025. Hovedårsak er svakare verdiutvikling på banken si aksjeportefølje.

Samla driftskostnader har auka med kr 1,4 mill. samanlikna med fjoråret. Bemanning har auka med ca. 1,7 årsverk. Banken har auka bemanninga for å styrke banken sin innsats mot svindel og kvitvasking. Dette har bidrege til å auka personalkostnadane. Også kostnader knytt til IT har auka.

Kostnadsprosenten (eksklusiv verdiendring på verdipapir) pr 31.03.2026 er på 49,18 %. På same tidspunkt i fjor var kostnadsprosenten på 45,03 %. Auken i kostnadsprosent skuldast lågare rentenetto og høgare kostnader.

Under tap er det innteksført kr 0,2 mill. I fjor vart det kostnadsført eit tap på kr 0,8 mill.

Resultat etter skatt pr 31.03.2026 på kr 14,2 mill. gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 8,67 %. På same tidspunkt fjor var eigenkapitalrentabiliteten etter skatt på 10,45 %. Reduksjonen i eigenkapitalrentabilitet skuldast at banken sitt resultat ikkje er fullt så godt som i fjor samt at banken sin eigenkapital har auka i perioden.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 31.03.2026 er på kr 5.181,0 mill. Forvaltningskapitalen har auka med kr 265,3 mill. (5,4 %) siste 12 månadar. Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 31.03.2026 på kr 6.178,5 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 380,3 mill. (6,6 %).

Brutto utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 4.114,6 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 205,4 mill. eller 5,4 %. Banken har pr. 31.03.2026 overført kr 997,5 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 882,5 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 320,4 mill. eller 6,69 % dei siste 12 månadane. Utlånsvolum på eigen balanse pr.

31.03.2026 er fordelt med 28,4 % til næringskunder, 0,2 % til offentlig sektor/finans og 71,4 % til personmarknadskunder. På same tidspunkt i fjor var tilsvarande fordeling 25,4 % til næringskunder, 0,4 % til offentlig sektor/finans og 73,2 % til personmarknadskunder. Innskot frå kunder er bokført med kr 4.024,6 mill. Veksten siste året er på kr 246,9 mill. eller 6,5 %. Banken sin innskotsdekning pr 31.03.2026 er på 97,8 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 50,5 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har uteståande obligasjonslån for kr 188,9 mill.

Misleghald, tapsnedskringar og tap

Misleghaldne og tapsutsette engasjement utlån utgjør kr 71,2 mill. kr. pr. 31.03.2026. Dette er ein auke med kr 7,8 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskringar har auka med kr 3,0 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2026.

Kapitaldekning

Pr. 31.03.2026 har banken ein ansvarleg kapital på kr 742,3 mill. Heile banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.383,2 mill. gir dette ein rein kjernekapitaldekning på 31,15 %. Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekninga då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 31.03.2026 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 31,78 %.

Luster Sparebank rapporterer også kapitaldekning på konsolidert nivå. På konsolidert nivå inngår banken sine eigarandelar i dei samarbeidande finansinstitusjonane Brage Finans AS og Verd Boligkreditt AS. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 28,77 %, kjernekapitaldekning på 29,19 % og ei kapitaldekning på 29,72 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank leverer eit godt resultat i første kvartal 2026. Banken sin finansielle stilling er svært god. Prisveksten i norsk økonomi er framleis over målet. Samstundes har geopolitisk uro ført til kraftig vekst i energiprisar siste tida. Tidlegare var det venta at Norges Bank ville kutta styringsrenta i 2026. Som følgje av den kraftige veksten i energiprisar saman med høg og gjenstridig innanlandsk prisvekst, ventar no aktørane i rentemarknaden at Norges Bank heller vil heva styringsrenta gjennom året. Det er framleis stor uvisse kring korleis effektane av geopolitisk uro vil påverka den globale økonomiske utviklinga frametter, og korleis dette også vil påverka norsk økonomi. Styret vurderer at banken gjennom sitt lokal nærvær, tette dialog med kundane, nøkterne risikoprofil og låge eksponering mot kapitalmarknadane, er godt tilpassa situasjonen.

Kredittveksten i norsk økonomi er framleis på eit moderat nivå. Det er samstundes sterk konkurranse mellom bankane. Det er gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god vekst, og at banken leverer eit godt økonomisk resultat. På same tid er den underliggjande kostnadsveksten høg og gir saman med sterk konkurranse press på bankane si inntening. Med sterkt fokus på kostnadskontroll og kunden i fokus meiner styret at banken framleis skal levera gode økonomiske resultat og vera ein føretrekt leverandør av finansielle tenester også frametter.

Gaupne, 30. april 2026

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Tom Dyrdal

Gry Høyheim

Andrea Lomheim

Thomas Dalsøren

Jermund Lien Molland

Tilsett representant

Banksjef

Rekneskap

Resultatrekneskap

(Tal i heile 1.000)	Note	31.03.26	31.03.25	31.12.25
Renteinntekter og liknande inntekter		61 126	64 359	260 610
Rentekostnader og liknande kostnader		32 562	34 892	139 916
Netto renteinntekter		28 564	29 467	120 693
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		4 511	4 041	20 027
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-628	-553	-2 342
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		3 070	2 671	9 236
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		365	1 825	17 604
Andre driftsinntekter		0	35	146
Netto andre driftsinntekter		7 318	8 019	44 671
Løn og andre personalkostnader		7 915	7 379	29 461
Andre driftskostnader		9 349	8 485	33 699
Ordinære avskrivningar		206	192	628
Sum driftskostnader		17 470	16 056	63 788
Tap på utlån, garantiar o.l.	<u>2</u>	-168	813	5 665
Resultat før skatt		18 580	20 617	95 911
Skattekostnad		4 645	5 155	20 684
Resultat før andre inntekter og kostnader		13 935	15 462	75 227
Utvida resultat				
Andre inntekter og kostnader		225	-37	1 177
Totalresultat		14 160	15 425	76 404

Balanse

EIGENDELER	Note	31.03.26	31.03.25	31.12.25
Kontantar og fordringar på sentralbankar		82 377	79 249	80 825
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak		332 255	274 435	321 427
Utlån til og fordringar på kundar	2	4 084 403	3 882 053	4 003 615
Renteberande verdipapir	3	263 808	262 696	262 884
Obligasjons- og pengemarknadsfond	3	185 856	189 113	221 766
Aksjar og grunnfondsbevis	3	201 395	201 463	209 065
Varige driftsmidler		7 763	6 875	7 900
Eigendeler ved utsatt skatt		3 598	3 702	3 598
Andre eigendeler		19 562	16 128	21 064
SUM EIGENDELER		5 181 017	4 915 714	5 132 144
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	5	50 467	80 258	80 241
Innskot og andre innlån frå kundar	4	4 024 621	3 777 755	4 007 724
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	5	188 857	211 014	135 703
Anna gjeld		30 779	21 413	16 797
Avsetningar		17 493	24 782	35 970
Sum gjeld		4 312 217	4 115 222	4 276 435
Sum eigenkapital		868 800	800 492	855 709
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		5 181 017	4 915 714	5 132 144
Postar utanom balansen				
Garantiansvar		64 094	43 753	55 259
Pantsetjingar		251 389	229 039	251 338
Lån overført til Verd Boligkreditt AS		997 516	882 502	982 040
Gjennomsnitleg forvaltningskapital		5 117 059	4 877 544	5 021 937

Resultatanalyse

(i prosent av gjennomsnittlig forvaltningskapital)	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Renteinntekter og liknande inntekter	4,84 %	5,37 %	5,19 %
Rentekostnader og liknande kostnader	2,58 %	2,91 %	2,79 %
Netto renteinntekter	2,26 %	2,46 %	2,40 %
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	0,36 %	0,34 %	0,40 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05 %	-0,05 %	-0,05 %
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument	0,24 %	0,22 %	0,18 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,03 %	0,15 %	0,35 %
Andre driftsinntekter	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Netto andre driftsinntekter	0,58 %	0,67 %	0,89 %
Løn og andre personalkostnader	0,63 %	0,62 %	0,59 %
Andre driftskostnader	0,74 %	0,71 %	0,67 %
Ordinære avskrivninger	0,02 %	0,02 %	0,01 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,38 %	1,34 %	1,27 %
Tap på utlån, garantier o.l.	-0,01 %	0,07 %	0,11 %
Driftsresultat før skatt	1,47 %	1,72 %	1,91 %
Skattekostnad	0,37 %	0,43 %	0,41 %
Resultat etter skatt	1,10 %	1,29 %	1,50 %
Utvida resultat			
Andre inntekter og kostnader	0,02 %	0,00 %	0,02 %
Totalresultat	1,12 %	1,29 %	1,52 %

Nøkkeltal

NØKKELTAL	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Rentabilitet og effektivitet			
EK-avkastning etter skatt	6,55 %	7,91 %	9,17 %
Kostnadsprosent eksklusiv verdiendring verdipapir	49,18 %	45,03 %	43,17 %
Kostnadsprosent inkludert verdiendring verdipapir	48,68 %	42,83 %	38,57 %
Soliditet			
Eigenkapital i % av forvaltningskapital	16,77 %	16,28 %	16,67 %
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	28,77 %	24,12 %	29,39 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	29,19 %	24,53 %	29,78 %
Konsolidert kapitaldekning	29,72 %	25,02 %	30,25 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,86 %	12,43 %	13,32 %
Vekst siste 12 måneder			
Vekst i utlån på egen balanse	5,25 %	5,22 %	3,53 %
Vekst i utlån inkludert overføring til kredittforetak	6,69 %	7,03 %	3,73 %
Vekst i innskott	6,53 %	8,60 %	8,94 %
Vekst i forvaltning	5,40 %	7,26 %	6,71 %
Vekst i forvaltning inkludert overføring til kredittforetak	6,56 %	8,54 %	6,36 %
Likviditet			
Innskotsdekning	97,81 %	96,64 %	99,32 %
Innskotsdekning inkludert lån overført til kredittforetak	78,73 %	78,88 %	79,88 %
LCR	380,57 %	282,05 %	195,05 %
NSFR	139,42 %	140,05 %	137,72 %

Eigenkapital

(Tal i heile 1.000)	Udisponert resultat	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum egenkapital
Eigenkapital pr. 31.12.2024	0	63 270	694 046	27 901	785 217
Resultat før andre inntekter og kostnader	0	5 521	69 707	0	75 228
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	0	1 177	0	1 177
Avsetnad til gåver	0	0	-7 000	7 000	0
Gåver utdelt av styret i 2024	0	0	0	-5 913	-5 913
Eigenkapital pr. 31.12.2025	0	68 791	757 930	28 987	855 709
Resultat før andre inntekter og kostnader	13 935	0	0	0	13 935
Poster ført over andre inntekter og kostnader	225	0	0	0	225
Avsetnad til gåver	0	0	0	0	0
Gåver utdelt av styret så langt i 2025	0	0	0	-1 069	-1 069
Eigenkapital pr. 31.03.2026	14 160	68 791	757 930	27 918	868 800

Noter

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak". Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.

2) IFRS 15.113-128

3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS-standarder og IFRIC-tolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap. Ein bør difor lese delårsrekneskap og siste årsrekneskap i samanheng.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og

forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for brukte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskap for 2025 er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

Note 2 Utlån til kundar

Fordeling av brutto utlån til kundar fordelt på trinn

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2026	3 255 447	708 305	71 351	4 035 103
Overført til trinn 1	88 315	-79 010	-9 305	0
Overført til trinn 2	-103 710	103 883	-173	0
Overført til trinn 3	0	-6 790	6 790	0
Netto endring	-24 790	1 106	-865	-24 550
Nye lån	362 534	3 029	2 938	368 501
Frårekna lån	-206 314	-53 157	-4 934	-264 405
Utgåande balanse 31.03.2026	3 371 482	677 366	65 802	4 114 649

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Inngående balanse 01.01.2025	3 309 817	518 058	69 627	3 897 503
Overført til trinn 1	73 054	-73 054	0	0
Overført til trinn 2	-177 090	177 090	0	0
Overført til trinn 3	0	-2 482	2 482	0
Netto endring	-47 253	4 007	-502	-43 749
Nye lån	240 759	4 912	578	246 249
Frårekna lån	-142 915	-38 603	-9 220	-190 738
Utgående balanse 31.03.2025	3 256 372	589 928	62 965	3 909 265

Utlån til kundar fordelt på sektor og næring	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Personkudar	2 938 651	2 900 927	2 905 610
Offentleg sektor	3 400	12 665	10 192
Finans og andre sektorar	1 832	3 702	3 106
Næring			
- Primærnæring	180 190	164 554	187 324
- Industri	35 755	41 485	36 425
- Kraftproduksjon	31 711	29 819	33 040
- Utvikling byggeprosjekt	47 135	17 369	43 454
- Bygg og anlegg	79 134	65 390	81 501
- Handel	43 230	50 845	42 828
- Hotell og restaurantdrift	48 213	54 327	47 256
- Transport	27 454	26 883	21 578
- Eigeomsdrift	564 182	482 341	528 546
- Informasjon og kommunikasjon	72 316	10 058	51 780
- Fagleg og finansielle tenesteytande	5 242	17 763	6 982
- Forretningsmessig tenesteytande	5 341	6 148	4 898
- Tenesteytande næringer ellers	30 863	24 989	30 583
Sum utlån før nedskrivningar	4 114 649	3 909 265	4 035 103
Trinn 1 nedskrivningar	-6 327	-5 275	-5 797
Trinn 2 nedskrivningar	-5 301	-4 845	-5 649
Trinn 3 nedskrivningar	-18 618	-17 092	-20 042
Sum utlån til og fordringar på kundar	4 084 403	3 882 053	4 003 615
Overført til Verd Boligkreditt AS	997 517	882 502	982 040
Totale utlån	5 081 920	4 764 555	4 985 655

Kredittforringa engasjement

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Misleghald næringslivskudar	28 701	25 968	33 935
Misleghald personkudar	102	2 883	5 538
Brutto misleghaldne engasjement	28 803	28 851	39 473
Trinn 3 nedskrivningar og avsetningar	-6 733	-6 446	-12 800
Netto misleghaldne engasjement	22 070	22 405	26 673

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	42 347	34 515	32 722
Trinn 3 nedskrivningar og avsetningar	-11 924	-10 675	-7 272
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	30 423	23 840	25 450

Kreditttap på utlån, garantiar og unytta kredittrammer til kundar

	Trinn 1 Modellbasert 12 mnd. Tap	Trinn 2 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Modellbasert livstid tap	Trinn 3 Individuelt vurdert	Sum nedskrivningar
Nedskrivningar og avsetningar Inngående balanse 01.01.2026	8 299	5 957	236	19 836	34 328
Overføringer:					
Overført til trinn 1	640	-565	-75	0	0
Overført til trinn 2	-292	302	-10	0	0
Overført til trinn 3	0	-57	56	0	-1
Netto endring	-542	469	647	-1 085	-511
Nye tap	2 102	18	2 439	0	4 559
Frårekneta tap	-1 088	-553	-3 086	-302	-5 029
Endring i risikomodell/parametre	0	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0	0
Utgående balanse 31.03.2026	9 119	5 571	207	18 449	33 346
Verdjustert over andre inntekter kostnader	1 943	0	0	0	1 943
Sum nedskrivningar og avsetningar pr 31.03.2026	7 176	5 571	207	18 449	31 403
Konstatert tap	0	0	0	305	305
Inngått på tidligare konstaterte tap	0	0	0	0	0
Nedskrivningar på balansef. utlån til kundar	6 327	5 301	169	18 449	30 246
Avsetningar på garantiar og unytta kredittar til kundar	849	270	38	0	1 157
Sum nedskrivningar/avsetningar 31.03.2026	7 176	5 571	207	18 449	31 403

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.03.2026	31.03.2025	31.12.2025
Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 1 og 2	434	920	1 667
Endring i nedskrivningar og avsetningar i trinn 3	-907	-192	4 288
Konstaterte tap med tidlegare nedskrivning	302	0	21
Konstaterte tap utan tidlegare nedskrivningar	3	124	10
Inngang på tidlegare konstaterte tap	0	-39	-321
Sum resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	-168	813	5 665

Note 3 Verdipapir

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsverdiar. Banken verdsetter børssnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Pr 31.03.2023 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett verdipapira til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

Verdipapir pr 31.03.2026	Verdsetjingshirarki				
	Antall	Verkeleg verdi (i heile 1000)	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Obligasjonar		263 808	0	263 808	0
Obligasjons og pengemarkedsfond					
Pengemarkedsfond					
DNB Likviditet	55 535	56 416	56 416	0	0
Borea Likviditet	53 062	50 589	50 589	0	0
Storebrand Likviditet	5 767	58 400	58 400	0	0
Obligasjonsfond					
Borea Fondsobligasjon A	100 000	10 124	10 124	0	0
Borea Nordic High Yield A	100 000	10 327	10 327	0	0
Sum obligasjons og pengemarknadsfond		185 856	185 856	0	0
Aksjar og grunnfondsbevis					
Balder Betaling AS	234 705	8 130	0	0	8 130
Brage Finans AS	2 097 044	71 496	0	0	71 496
DNB Bank ASA	15 942	4 802	4 802	0	0
Eiendomskreditt AS	99 222	13 436	0	0	13 436
Frende Holding AS	40 986	24 674	0	0	24 674
Frende Kapitalforvaltning AS	333	3 801	0	0	3 801
Frendegruppen AS	249	25	0	0	25
Gjensidige Forsikring ASA	11 193	2 821	2 821	0	0
LB Selskapet AS	200	200	0	0	200
Lerum Brygge AS	4 000	689	0	0	689
Luster Energiverk AS	1 395	18 135	0	0	18 135
Norne Securities AS	119 758	1 023	0	0	1 023
Spama	200	328	0	0	328
Verd Boligkreditt AS	44 543	47 325	0	0	47 325
Visa		176	0	0	176
Flekkefjord Sparebank	9 853	1 153	1133	0	0
Kredittforeningen for Sparebanker	460	618	0	0	618
Sogn Sparebank	7 600	2 470	2 470	0	0
Andre aksjer		93	0	0	93
Sum aksjar og grunnfondsbevis		201 395	11 226	0	190 149
Sum verdipapir		651 059	197 082	263 808	190 149
Avstemming nivå 3					
Inngående balanse 01.01					197 896
Realisert vinst/tap					-182
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet					-1 474
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat					0
Investering					4 185
Salg					-10 276
Utgående balanse					190 149

Note 4 Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	31.03.26	31.03.25	31.12.25
Lønstakarar	2 978 645	2 785 936	2 933 439
Offentleg sektor	152 987	156 810	197 332
Finans og andre sektorar	127 147	111 833	123 947
Næring			
- Jordbruk og tilknytta tenester	105 918	105 295	72 252
- Skogbruk og tilknytta tenester	156	11	14
- Bergverksdrift og utvinning m.m	539	228	588
- Industri	25 257	26 151	27 619
- Kraftproduksjon	145 091	161 051	122 737
- Vannforsyning, avløp og renovasjon	2 291	2 271	2 245
- Utvikling av byggeprosjekter	6 372	21 459	4 984
- Bygg og anleggsverksend ellers	117 895	106 604	113 773
- Varehandel og reparasjon av motorvogner	47 254	47 628	43 268
- Transport og lagring	8 950	16 503	11 229
- Hotell og restaurantdrift	32 818	22 700	41 940
- Informasjon og kommunikasjon	10 251	4 385	10 611
- Omsetnad og drift av fast eigendom	131 484	92 906	163 527
- Fagleg tjenesteyting	41 129	38 058	40 723
- Forretningsmessig tjenesteyting	32 747	34 507	32 837
- Tjenesteyting ellers	57 690	43 419	64 659
Sum innskot	4 024 621	3 777 755	4 007 724

Note 5 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansmarknaden**Innlån frå kredittinstitusjonar**

Innlåna er prisa til 3M Nib + margin

	Opptak	Forfall	Margin	31.03.26	31.03.25	31.12.25
Kredittforeningen for Sparebanker	29.10.2021	03.02.2026	0,52 %	0	30 000	30 000
Kredittforeningen for Sparebanker	12.03.2024	28.09.2026	0,75 %	50 000	50 000	50 000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar nominell verdi				50 000	80 000	80 000
Påløpte renter				467	258	825
Sum gjeld til kredittinstitusjonar bokført verdi				50 467	80 258	80 825

Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Obligasjonar er prisa til 3M Nib + margin

ISIN-nr	Opptak	Forfall	Margin	31.03.26	31.03.25	31.12.25
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	0,53 %	0	80 000	0
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	0,51 %	0	70 000	0
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	0,61 %	13 000	60 000	60 000
NO0013643767	04.09.2025	04.09.2028	0,54 %	75 000	0	75 000
NO0013726323	12.02.2026	12.02.2029		100 000	0	0
Obligasjonslån nominell verdi				188 000	210 000	135 000
Tilbakekjøpte obligasjonar				0	0	0
Påløpte renter				963	1 040	747
Over/underkurs				-106	-26	-44
Bokført verdi av gjeld stifta ved å utstede verdipapir				188 857	211 014	135 703

Endring i verdipapirgjeld

Endring i verdipapirgjeld	31.03.26	31.03.25	31.12.25
Bokført verdi av verdipapirgjeld 01.01	135 703	211 048	211 048
Opptak av nye lån i perioden	100 000	0	75 000
Forfalte eller innløyste lån i perioden	0	0	-150 000
Innbetaling pålydande eigne obligasjonar	0	0	0
Tilbakekjøp pålydande eigne obligasjonar	-47 000	0	0
Endring over/underkurs	-62	15	-3
Endring påløpte renter	216	-49	-342
Bokført verdi av verdipapirgjeld ved utgang av perioden	188 857	211 014	135 703

Note 6 Ansvarlig kapital og kapitalkrav

	31.03.26	31.03.25	31.12.25
Eigenkapital	868 800	800 492	855 709
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-14 160	-15 425	
- Frådrag	-112 339	-114 277	-128 798
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	742 300	670 790	726 912
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Lokale og regionale myndigheiter (kommunar)	13 916	3 644	7 253
Institusjonar	65 421	53 396	63 170
Foretak	0	78 621	0
Massemarked	546 866	341 972	521 709
Engasjement med pantetrygd i eigedom	0	1 506 487	0
Forfalte engasjementer	54 403	54 633	53 481
Høgrisiko-engasjement	0	31 133	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	14 505	10 876	10 881
Andeler i verdipapirfond	54 916	78 508	62 907
Eigenkapitalposisjonar	152 135	96 451	94 500
Øvrige engasjement	20 325	21 841	20 386
Foretak u/ kortsiktig kredittvurdering, ekskl. spesialiserte utlån	125 233	0	120 784
Ikke inntektsgenererende boligeiendom (sikret)	389 280	0	391 099
Ikke inntektsgenererende boligeiendom (usikret)	78 835	0	72 882
Inntektsgenererende boligeiendom	166 723	0	153 121
Ikke inntektsgenererende næringsseiendom (sikret)	78 857	0	80 854
Ikke inntektsgenererende næringsseiendom (usikret)	71 656	0	77 278
Inntektsgenererende næringsseiendom	181 546	0	185 464
Anskaffelse, utvikling og bygging	91 682	0	80 789
Eksponeringer i ansvarlig lånekapital	15 186	0	15 055
Sum berekningsgrunnlag for kredittisiko	2 121 483	2 277 564	2 011 614
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko etter basismetoden	261 694	254 098	261 694
Sum berekningsgrunnlag	2 383 178	2 531 662	2 273 309
Rein kjernekapitaldekning i prosent	31,15 %	26,50 %	31,98 %
Kjernekapitaldekning i prosent	31,15 %	26,50 %	31,98 %
Ansvarleg kapitaldekning i prosent	31,15 %	26,50 %	31,98 %
Uvekta kjernekapital i prosent	14,21 %	13,66 %	14,14 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. I første halvår 2025 har banken en eigarandel på 3,0 % i Verd Boligkreditt AS og 1,6 % i Brage Finans AS.

	31.03.26	31.03.25	31.12.25
Konsolidert rein kjernekapital	837 057	764 611	811 802
Konsolidert kjernekapital	849 057	777 725	822 586
Konsolidert ansvarleg kapital	864 516	792 962	835 655
Konsolidert beregningsgrunnlag	2 909 036	3 169 898	2 762 586
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	28,77 %	24,12 %	29,39 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	29,19 %	24,53 %	29,78 %
Konsolidert ansvarleg kapitaldekning	29,72 %	25,02 %	30,25 %
Konsolidert uvekta kjernekapital	12,86 %	12,43 %	13,32 %
Banken sine kapitalkrav			
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	4,50 %	4,50 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Krav til rein kjernekapital	14,00 %	14,00 %	14,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	15,50 %	15,50 %	15,50 %
Krav til kapitaldekning	17,50 %	17,50 %	17,50 %
Pilar 2 krav	2,10 %	2,10 %	2,10 %

Banken sine kapitalmål

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet på 2,1%. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	31.12.26
KAPITALMÅL KONSOLIDERT	
Mål for rein kjernekapitaldekning	18,1 %
Mål for kjernekapitaldekning	19,6 %
Mål for kapitaldekning	21,6 %